

Bør ein avlyse reforma?

Mange har vore positive til ei reformering av kommunal sektor. Ein har peika på skeivskapen i ein rik stat og fattige kommunar, skeivskap i kvaliteten på tenestenivå og i fagmiljø. Byråkrati i stadig mektigare direktorat, tilsyn, fylkesnemnder, utval, med meir. Dette var noko av argumentasjonen som innbyggjarane la i reforma. Men no har dei politiske verkemidla for større lokaledemokrati, betre og meir effektive tenester, høgre kvalitet og så vidare – dei har falle bort. Anten fordi dei ikkje får fleirtal eller fordi styresmaktene ikkje har førebudd eller utgreidd dette. Det einaste verkemidlet som Kommunaldepartementet sit att med i reformarbeidet, er sjølve samanslåingsverkemidlet. Det er lite att av reforma. Kanskje ministeren burde seie at han er lei for at fleire av verkemidla ikkje kan nyttast, og at ein dermed går tilbake til start og ser kommunereforma i eit nytt lys. Korleis kan ein halde fram med to tome hender – og tom retorikk? Det er lagt ned store ressursar og halde eit utsal møter. Alt frå bli-kjend-møter til sonderingar og no om intensjonavtalar – kva no det skal betyr. Eit nytt ord? Og desse møta blir tomare og tomare for reelt innhald dess nærmare vi kjem ein påstått deadline i juni. Korleis kan vi gå til folkerøystingar (19. mai på Sunnmøre) utan innhald? Vi kan sitje i konstellasjonar på to-tre-fire kommunar og diskutere kommunedelsutval, målform, 44, 54 eller 77 kommunestyrerrepresentantar – men det er berre tre-fire sider med vage visjonar og vyar. Det blir jo først fellesnemnda og så det nye kommunestyret som avgjer reelle saker om nokre år. Kommunen skal gjere akkurat det same som før, med litt mindre pengar og litt mindre politikarar i eit litt større geografisk område. Det var det kommunal sektor gjorde før – og det same skal vi gjere etter 2020. Barnevern, IKT, økonomistyring, planlegging, felles samferdslesatsing og felles vidareutdanningsplan med lærarutdanningane har vore samarbeidd om i årevis allereie. Dette har vi bygd verdas beste samfunn på. På Sunnmøre har vi ei komplett, maritim klynge i verdklasse, basert på eit komplett samfunn i verdklasse. Alt dette vil sjølvagt halde fram i dei nye grensene, eller bli stoppa, for deretter å byggast på nytt med litt endra grenser. Men eg trur folk er usikker på om dette eigentleg har noko med den pågåande reforma å gjere. Mange ord og lite fakta. Den er bygd på ein føresetnad om at endring av grenser gir meir folk, betre kvalitet og så vidare – men dette arbeidar jo alle for i ein større eller mindre samanheng for allereie. Om Sunnmøre er tre, fem eller 13 kommunar, betyr ikkje at helsetenesta i Volda eller på fugleøya Runde blir betre – for problemet med helsetenesta er ikkje organiseringa av kommunen – men t.d. helseføretaket og fordeling av midlar. Skulane er heller ikkje påverka av kommunegrenser. Dei er svært like allereie – men kvaliteten beror på lærartetheit, relasjonar til eleven, klassestorleik, tilgang på midlar til vidareutdanning og avstand til oppvekstkontor, lærarutdanning på deltid og felles kompetansehevingsplan. Og dette gjer kommunane allereie svært godt og effektivt – med fylkesnivået som overordna mynde og dei reelle midlane som blir fordelt på kvart klasserom, kvar elev og kvar lærar.

Med andre ord – når ministeren kløyver ord og brukar nytale om inntektene til norske kommunar, snakkar han ned kommunale tenester for å rettferdiggjere reduksjon i kommunale inntekter og dermed lukkast han med ei løynd sentralisering. Dette er som sagt eit stort skifte i norsk politikk – ei urbanisering og sentralisering som kan svekkje demokratiet og lokal tenesteyting, slik eg tolkar summen av dei uttalar eg har kome over. Det er mest truleg eit brot med formannskapslovene og definitivt mot hensikta til Stortinget sitt vedtak – som ministeren viser til.